



HORNINDAL KOMMUNE

- Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr.:	Saksbehandlar
Formannskapet	12.10.2004	048/04	BL
Formannskapet	21.10.2004	051/04	BL

Saksansvarleg: Bjørn Lødemel	Arkiv: 024 Objekt:	Arkivsaknr.: 2004000757
-------------------------------------	-------------------------------------	-----------------------------------

Ei ny arbeids- og velferdsforvaltning NOU 2004:13 - Høyringsuttale

SAKSTILFANG / LOVER / PLANDOKUMENT

- Ei ny arbeids- og velferdsforvaltning NOU 2004:13
- Samandrag NOU 2004:13
- Utvalet si anbefaling
- Handsaming av søknad vidareutvikling av Hornindal Servicekontor i kommunestyret

Saksnr.: 200400403	Doknr.: 47
Arkivkode: 416.9	Dato: 27.10.04
Avd.: SAP	Saksbeh.:
U.off.: 	

SAMANDRAG.

Det har i lenger tid vore arbeidd med ei omfattande reform av dei offentlege velferdsordningane. Eit forslag til samordning av dei to statlege etatane, trygd og aetat, og dei kommunale sosialtenestene ligg no ute til høyring. Hornindal kommune har gjort mykje for å samordne desse tenestene gjennom oppretting av eit offentlig servicekontor på kommunehuset Smia. Hornindal kommune har også prøvd å gå vidare i denne samordninga med ønske om å ta eit kommunalt ansvar dei fleste offentlege velferdsordningane. Vi har ikkje kome så langt som vi ønskjer, men ser at det gjennom handsaminga av NOU 2004:13 kan bli mogeleg å kome vidare i retning av større kommunalt ansvar for dei fleste velferdstenestene. Hornindal kommune er sterk tilhengar av at det i framtida blir ein mest mogeleg reindyrka kommunal modell for offentlege velferdsordningar.

FAKTA.

Følgjande tekst er henta frå samandrag og forslag til anbefalingar:

"Stortinget behandlet St.meld. nr.14 (2002-2003) Samordning av Aetat, trygdeetaten og sosialtjenesten 13. mai 2003. Stortinget vedtok å sende stortingsmeldingen tilbake til Regjeringen og ba samtidig Regjeringen utrede ulike modeller for én velferdsetat, bestående av dagens Aetat, trygdeetaten og sosialtjenesten. Som et ledd i oppfølgingen av Stortingets vedtak, oppnevnte Regjeringen 15. august 2003 et utredningsutvalg. Utvalget fikk i mandat å utrede ulike organisasjonsløsninger som kunne fremme de oppsatte mål for en samordnet arbeids- og velferdsforvaltning. Utvalget skulle både utrede og vurdere løsninger med en felles etat for sosialtjenesten, arbeidsmarkeds- og trygdeetaten i kommunal og statlig regi og modeller som var beskrevet nærmere i St.meld. nr. 14 (2002-2003).

Arbeids- og velferdsforvaltningen, representert ved Aetat, trygdeetaten og sosialtjenesten, er en helt sentral del av dagens norske velferdsstat. Disse etatene ivaretar det offentlige ansvaret knyttet til inntektssikring, arbeid og sosiale tjenester og har en særskilt krevende rolle i å koble og avveie hensyn til verdiskaping og finansiering, mot fordelingspolitikk og sosial sikkerhet. Velferdsstaten står i dag overfor klare utfordringer. Befolkningens alderssammensetning vil endre seg vesentlig i årene framover. I et lengre perspektiv vil forholdet mellom den yrkesaktive befolkningen og personer over 67 år endres slik at den yrkesaktive del av befolkningen får en sterkt økende forsørgingsbyrde. En øking av den eldre befolkningen, vil samtidig bety økt etterspørsel etter helse- og omsorgstjenester, og vil innebære et press på knappe arbeidskraftressurser. I tillegg er vi i dag i en situasjon der om lag 700 000 personer i yrkesaktiv alder til enhver tid er midlertidig eller varig borte fra arbeidslivet samtidig som de mottar inntektsstønad fra det offentlige.

Skal de politiske målene for velferdspolitikken opprettholdes, kreves det endringer som møter denne utviklingen. Utvalget ser det å bringe en større del av arbeidsstyrken inn i aktivt arbeid som den klart største utfordringen for både velferdspolitikken og for forvaltningen av denne.

Dagens organisering reflekterer i stor grad tidligere tiders utfordringer, og er ikke innrettet mot dagens hovedutfordring som er å følge opp arbeidslinjen i velferdspolitikken.

Endringer i folks forventninger og roller representerer en annen hovedutfordring for dagens arbeids- og velferdsforvaltning. Forvaltningen vil i framtiden i økende grad møte kunnskapsrike og krevende brukere med klare forventninger om individuell og kompetent behandling. Å møte denne utfordringen krever at forvaltningen i større grad evner å være orientert mot brukerne samtidig som en klarer å formidle og holde fast ved den tosidige samfunnskontrakten som ligger i velferdsordningene. Tilbakemelding utvalget har fått fra brukerorganisasjoner og brukerrepresentanter peker entydig på at bedre samordning er nødvendig for å møte denne utfordringen. Dagens organisering av arbeids- og velferdsforvaltningen betyr både at mange brukere med utgangspunkt i samme behov må forholde seg til flere etater, og at mange brukere blir gående for lenge på passive stønader før de får tilbud om aktive tiltak. Dette gjelder først og fremst brukere som trenger hjelp fordi de ikke har arbeid, eller står i fare for å falle ut av arbeidslivet.

Utfordringene med å bringe en større del av arbeidsstyrken inn i aktivt arbeid og få en mer brukerrettet arbeids- og velferdsforvaltning krever tiltak på en rekke områder, ikke minst knyttet til utformingen av virkemiddelapparatet, dvs. tjenestene og de økonomiske ytelsene. Men også endring og tilpasning av arbeidsmåter og organisering av forvaltningsapparatet er avgjørende for å kunne møte de utfordringene den samfunnsmessige utviklingen gir. Utvalget har i sitt arbeid hatt fokus på organisering og behovet for en organisasjonsreform av arbeids- og velferdsforvaltningen, men vil påpeke at dette bare er ett av flere grep som må tas for å møte velferdsstatens utfordringer.

Mål for en organisasjonsreform

Utvalget tar de politiske målene for reform av arbeids- og velferdsforvaltningen som gitt: Flere i arbeid og aktiv virksomhet - færre på trygd og sosialhjelp, og en mer brukerrettet og effektiv forvaltning.

Målene betyr at reformen skal styrke arbeidslinjen og brukerrettingen i velferdspolitikken. For utvalget betyr arbeidslinjen at arbeid heller enn trygd skal være målet for alle med arbeidsevne, både av hensyn til den enkelte og samfunnet. Det er i dag vel 700 000 personer i yrkesaktiv alder som mottar offentlige stønader. Det er ønskelig å føre mange av disse fra en passiv stønadstilværelse til

arbeid eller annen meningsfull aktivitet. Målet er at flest mulig skal kunne ha inntektsgivende arbeid.

Målet kan ikke nås uten en mer brukerrettet forvaltning der den enkeltes forutsetninger og behov er utgangspunktet for tjenestetilbudet.

Arbeidslinjen favner alle i yrkesaktiv alder. Den inkluderer funksjonshemmede og andre med

redusert eller liten arbeidsevne som skal sikres inntekt og bistand til aktiv virksomhet. Det sentrale er at alle skal få vurdert sin arbeidsevne og gis mulighet til tilpasset aktivitet, helst inntektsgivende arbeid.

Arbeids- og velferdsforvaltningen omfatter også store ordninger for inntektsoverføring som i liten grad er knyttet til manglende arbeidsinntekt, som pensjoner, familieytelser og helserefusjoner. Utvalget legger vekt på at det sikres effektiv og brukerrettet forvaltning av disse ytelsene, og spesielt at organiseringen sikrer god iverksetting og oppfølging av en kommende pensjonsreform."

10.4 Samling av ansvar for arbeidslinjen

Arbeids- og velferdsforvaltningen har mange og forskjelligartede oppgaver. Slik utvalget har avgrenset ansvarsområdet, kan hovedoppgavene naturlig deles i to:

1) Ansvar for tjenester og økonomiske ytelser knyttet til arbeidsledighet, utstøting av arbeidslivet og redusert arbeidsevne.

2) Ansvar for alderspensjoner, familieytelser, helserefusjoner og andre inntektsoverføringsordninger.

I tillegg har arbeids- og velferdsforvaltningen ansvar for et sosialt sikkerhetsnett for dem som faller utenfor de rettighetsbaserte stønadsordningene.

Den viktigste svakheten i dagens organisering er oppsplittingen av ansvaret for arbeidsrettingen. Utvalget konsentrerer seg følgelig om løsningsmodeller som best mulig samler ansvaret for de arbeidsrettede virkemidlene.

10.5 Forslag om en statlig etat for arbeid og inntekt

Utvalget foreslår at hovedansvaret for de arbeidsrettede oppgavene samles i én statlig etat. De arbeidsrettede oppgavene omfatter en rekke tjenester og tiltak som arbeidsformidling, kvalifisering, attføring, reaktivisering av uføretrygdte, oppfølging av sykemeldte, innsats overfor enslige forsørgere og intensjonsavtalen for et mer inkluderende arbeidsliv. I tillegg inngår en rekke ytelser til livsopphold som dagpenger ved arbeidsledighet, sykepenger, tidsbegrenset uførestønad, uførepensjon, attføringspenger, rehabiliteringspenger og overgangsstønad. Dette er alle stønader der

tilknytning til arbeidslivet og vurdering av arbeids- og funksjonsevne står sentralt. Utvalget foreslår at det organiseres en ny forvaltningsenhet, en etat for arbeid og inntekt, som har ansvaret for alle disse arbeidsrettede oppgavene. Det vises til presentasjonen av en slik organisasjonsløsning for en statlig arbeidslinje i kap. 9.4.1.

10.6 Forslag om en statlig pensjonsetat

Utvalget foreslår at ansvaret for pensjonsytelser, familieytelser og helserefusjoner bør være statlig og organiseres som en egen etat. Oppgavene vil omfatte løpende pensjonsytelser som alderspensjon,

barnepensjoner og krigspensjon, diverse familieytelser som barnetrygd, kontantstøtte, fødselsstønad og underholdsbidrag, og diverse helserefusjoner og andre administrative oppgaver i forbindelse med

medisinsk behandling. Dette er sterkt regelstyrte og rettighetspregede ytelser og tjenester, der skjønnsutøvelse har forholdsvis liten betydning. Utvalget foreslår at disse oppgavene organiseres i en ny egen forvaltningsenhet, en etat for pensjoner. Det vises til den detaljerte diskusjon av en slik etat i kap. 9.4.3 og spesielt til oversikten over oppgaver og ansvar i tabell 9.1.

10.7 Forslag om fortsatt kommunalt ansvar for det sosiale sikkerhetsnettet, og forslag om innføring av en ny statlig arbeidssøkerstønad

Utvalget foreslår at kommunene beholder ansvaret for den økonomiske sosialhjelpen og sosialkontorene etter sosialtjenesteloven og foreslår samtidig innføring av en ny statlig arbeidssøkerstønad. Kommunene vil dermed fortsatt ha ansvaret for det sosiale sikkerhetsnettet for dem som faller utenfor de regelstyrte og rettighetsbaserte inntektssikringsordningene. Utvalget legger avgjørende vekt på at den økonomiske sosialhjelpen er skjønnsbasert og nært knyttet til kommunenes øvrige tjenester, og at en statlig overtakelse av sosialhjelpen vil skape nye

samarbeidsutfordringer mellom stat og kommuner. Det legges også vekt på at en full overføring av sosialhjelpen til en etat for arbeid og inntekt vil innebære en forskyvning av oppgavene for etaten i retning av å håndtere sosiale problemer. Dette vil kunne vri kompetansebehovet og fokus bort fra arbeidsretting.

VURDERING / KONSEKVENSA.

Hornindal Kommunestyret handsama 25.03.2004 saka om evaluering av Hornindal Servicekontor. Det er sterk vilje til å arbeide vidare for ein kommunal velferdsetat. Dei erfaringane vi har frå samlokalisering av kommunale og statlege etatar i Hornindal Servicekontor syner at det er stort potensiale for forbetring og samordning av desse tenestene, og at det er kommunen som bør ha det overordna ansvaret for å gjennomføre ei slik reform. Ei samordning av dei ulike dataløysingane er avgjerande for å gjennomføre denne reforma.

I søknaden frå kommunen om å vidareutvikle Hornindal Servicekontor (OSK) med å prøve ut ein reindyrka kommunal modell for samordninga av blant anna trygd, aetat og sosialtenestene var det vist til både visjon og verkemiddel.

Visjonar

- *Ei heilskapleg velferdsteneste til beste for innbyggjarane og lokalsamfunnet.*
- *Gjere tilgangen på offentlege tenester enklare, med rettleiing på tvers av alle fagområde.*
- *Effektivisering, modernisering og på sikt innsparing. Mindre byråkrati og meir demokrati.*
- *Brukarmedverknad. Kunne påverke det som skjer med oss og rundt oss.*
- *Meir deltaking og demokrati i utviklinga av den offentlege forvaltninga.*
- *Skape noko lokalt som kan vere til nytte nasjonalt. Ein ny modell og nye metodar.*
- *Styrke fellesskapet i kommunen.*

Delmål og verkemiddel

- *Å føre vidare dei tankane som låg til grunn for etablering av OSK*
- *Ein felles inngangsport - OSK - til det offentlege, på tvers av etatar og forvaltningsnivå.*
- *Få oppgåveløysinga i OSK til å fungere endå betre i praksis. Løse fleire problem for innbyggjarane på kortare tid.*
- *Meir samhandling i OSK mellom etatstilsette. Ein sakshandsamar skal kunne bruke heile registeret av offentlege ordningar for å løse i ei konkret sak (heilskapleg sakshandsaming)*
- *Ein samla kommunal velferdsetat for trygd, sosial, aetat og likning, representert gjennom OSK.*
- *Auke fullmaktene i OSK i høve til "bakover" i etatane; - fordi OSK = møtepunktet med brukaren. OSK skal kunne administrere kollegaer på "bakkontora" ut frå brukar-behov.*
- *Tilgang til tenester frå OSK på internett. Tverretatleg heimeside med stor praktisk nytte.*
- *Større grad av brukarmedverknad - både i einskildsaker og korleis OSK skal fungere.*
- *Kommunestyret skal ha overordna styring med korleis OSK utviklar seg. Kommunestyret ivaretek rollen både som brukarrepresentantar og som myndigheit.*

Etter Rattsø-utvalet sitt forslag er kjent meiner vi framleis det er store fordelane med ei fullverdig kommunal organisering, og vi vil imøtegå synet om at kommunane ikkje kan ha eit omfattande ansvar. Vi vil fortsatt meine at kommunane bør få komme i posisjon til å ta ansvar for innbyggjarane sine velferdsrettar.

Rattsø-utvalet tek opp fordelane med kommunalt ansvar for oppgåveløysinga, og vi følgjer synet om at lokale prioriteringar og tilpasningar er viktig både for den enkelte og for samfunnet.

Mobilisering av det sivile samfunn, og samarbeidet med næringslivet er oppgåver som kommunen har ein nøkkelposisjon for å utføre. Derfor meiner vi at det er viktig at sjukemeldingsarbeid og attføring bør vere lokalt forankra i kommunen. Hornindal kommune meiner at kommunen både ved si interesse i arbeidsplassar og den individuelle arbeidstakarar kan styrke fokuset for å få fleire i arbeid.

Forslaget om førstelineteneste ser vi som ei forlenging av offentleg servickontor, eit OSK som er etablert i Hornindal kommune. Når Rattsø-utvalet vil ha ein statleg etat for arbeid og inntekt, vil utfordringane igjen vere samarbeid mellom etater. Gjennom arbeidet med OSK har vi erfart at særleg velferdstenester frå ulike etater som trygd og likning med fordel kan ekspederast av kommunen. Eit lokalt kontaktpunkt som også kan avklare rettane og ta i bruk naudsynte verkemiddel vil best kunne møte brukarar om ansvaret er samla til kommunen.

Stønadane og oppgåvene som er foreslått lagt til ein pensjonsetat fører meir til like utfordringar for stat og kommune. Barnetrygd, barnepensjon og alderspensjon kan naturleg knyttast til kommunen sitt ansvarsområde for øvrige tenester. Når Rattsø-utvalet framhever eit samarbeid om utvikling av IKT-systemer, vil administrering av slike pensjonsrettar vere eit område høg IKT-kompetanse i Hornindal kommune vil søkje gode utformingar for ein heilskap med innhaldet i rettane.

Konkrete døme på kommunalt ansvar for stønader.

Vi ynskjer å ta utgangspunkt i dei stønadane kor vi ser at kommunen har oppgåver etter dagens organisering. Det er stønader som opplagt høyrer heime i kommunen, og det er stønader som med fordel kan løysast i kommunen. Utfrå eit ynskje om å vere konkret på kva kommunen vil ta ansvar for har ein valt ut tre stønader i første omgang.

Kontantstøtte er ein rett til barn mellom 1-3 år som trygdeetaten forvalter etter ei eiga lov om kontantstøtte. Retten reduserast når barnet har plass i barnehage, og kommunen har ansvar for å sende oversikt over alle barn med barnehageplass i kommunen. I dag er det klar dobbeltarbeid ved at det er trygdeetaten som innvilger og utbetaler. Ein får både synt at det er ein effektiviseringsgevinst og forenkling ved at kommunen får heile ansvaret for forvaltningen av kontantstøtte.

Enslige forsørgjarar kan ha rett på ei rekkje stønader frå folketrygda. Overgangsstonad er ein pensjon som etterkvart krever aktivitet for å få eiga inntekt, og det krever ei oppfølging av trygdekontoret for å fremme inntektsevna. I dag er det ofte at sosialkontoret må gje stønad til livsopphald etter eit samlivsbrot, og trygdekontoret skal vurdere utvida barnetrygd, utdanningstønad og barnetilsyn for å nemne noko. Det vil vere ei auke i kvaliteten på tenesten og oppfølginga i desse sakene om same person kan vurdere alle desse forholda. At kommunen tek ansvar i slike saker vedrører ikkje berre den økonomiske situasjonen, men heile livssituasjonen.

Sjukmeldte og attføring er oppgåver som ovanfor er argumentert som svært viktig at kommunen tek ansvar for. Eit større ansvar til arbeidgjevar, og eit tettare samarbeid for vilkåra for næringslivet kan sjåast i samanheng. Dette er oppgåver som er delt mellom trygdekontor, arbeidslivssenter og Aetat i dag. Ei samling av verkemiddel og ei tettare lokal tilknytning vil føre til fordelar som kan tilpasse til eit arbeidsmarknad på tvers av kommunar.

Desse stønadene vil føre til forenklingar og utfordringar både med tanke på IKT, personvern og organisering. Det er nettopp desse utfordringane ein vil finne dei beste løysingar på med ein kommunal modell.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Eirik Natvik /s.
- rådmann -

12.10.2004 FORMANNSKAPET**FORM-048/04 VEDTAK:**

Ordføreren trekte saka frå sakskartet. Saka skal opp til ny behandling i formannskapsmøte 21/10-2004.

21.10.2004 FORMANNSKAPET**FORM-051/04 VEDTAK:**

Formannskapet ynskjer å kome med følgjande uttale til forslaget om samordning av etatane trygd, aetat og sosialtenester:

Med Rattsøutvalet sitt forslag til organisasjonsmodell for arbeids- og velferdsforvaltninga vil kommunane si rolle som lokale samordnarar for velferdsinnsatsen og arbeidslinja verta redusert. Det er svært beklagleg at ein no går i retning av større statleg ansvar og meir oppdeling. Samordning lokalt og tilpassingar i kommunane for ulike tiltak, er avgjerande for å få sett i verk arbeidslinja. Utan denne samordningskrafta, vil resultatet framleis kunne vera trygdelinja og fleire passive stønader. Dette er ei utvikling som brukarane tapar på.

Lokaldemokratiet si rolle og funksjon må prioriterast langt sterkare i den vidare handsaminga av denne reforma.

Fullskalaforsøk er den beste måten å drive modernisering. Hornindal kommune har tidlegare søkt om å gjennomføre eit forsøk med ein reindyrka kommunal modell. Vi ber om at det blir opna opp for dette som ein del av konklusjonane etter høyringa.

Særutskrift til:

Bremanger kommune	Postboks 98	6721	SVELGEN
Eid Kommune	Firdavegen 6	6771	NORDFJORDEID
Gloppen kommune	Postboks 8112 Dep	6823	SANDANE
Kommunal- og regionaldepartementet		0032	OSLO
Kommunenes sentralforbund	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
KS Møre og Romsdal	Julsundv. 9	6412	MOLDE
KS Sogn og Fjordane	Langebruvegen 19	6800	FØRDE
Selje kommune		6740	SELJE
Sosialdepartementet	Postboks 8011 Dep	0030	OSLO
Stryn kommune	Tønningsgata 4	6783	STRYN
Vågsøy kommune	Postboks 294	6701	MÅLØY

Hornindal, den 25.10.2004

Liv Oddrun Ytrebø
Liv Oddrun Ytrebø
- Sekretær -